

Arbeidsmarkedet nå – juni 2009


"Arbeidsmarkedet nå" er et månedlig notat fra Statistikk og utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skrevet av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no 2.juli 2009.

Svakare vekst i arbeidsløysa i juni

Ved utgangen av juni er det registrert 70 200 arbeidslause hos NAV. Dette svarer til 2,7 % av arbeidsstyrken og er ein vekst på 31 400 (81 %) samanlikna med juni i fjor. Korrigert for vanlege sesongvariasjonar har det vorte 500 fleire arbeidslause i løpet av juni. Summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar har auka med 1 300 siste månaden.

Den sterke veksten i arbeidsløysa som starta i fjor haust har svekka seg noko dei siste månadene. Tilgangen av nye arbeidssøkjjarar er framleis høg, men dei siste to månadene har det vore ein liten nedgang. Samstundes har talet på nye ledige stillingar stabilisert seg. Sesongkorrigererte tal viser at det i løpet av juni blei 500 fleire delvis arbeidslause. Dette er ein noko svakare vekst enn det vi har sett dei siste to månadene.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause og summen av ordinære tiltaksdeltakarar og heilt arbeidslause. Sesongjusterte tal. Januar 1998 – juni 2009.




Kjelde: NAV

Færre nye arbeidssøkjjarar

Då arbeidsløysa starta å auka i fjor haust auka talet på nye arbeidssøkjjarar hos NAV raskt. Dei siste to månadene har det vore ein liten nedgang i talet på nye arbeidssøkjjarar, men tilgangen er framleis på eit høgt nivå.

Figur 2. Tilgang av ordinære arbeidssøklarar per yrkedag, beholdning av summen av heilt arbeidsledige og ordinære tiltaksdeltakarar. Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- juni 2009.




Kjelde: NAV

Stabil tilgang av nye stillingar

I 2008 falt tilgangen på nye ledige stillingar kraftig. I 2009 har talet på nye ledige stillingar stabilisert seg. I løpet av juni blei det registrert 25 prosent færre ledige stillingar enn i same periode i fjor. Nedgangen var størst innan industriarbeid (-49 %), kontorarbeid (-44 %) og innan ingeniør- og ikt-fag (-39 %).

Figur 3: Tilgang ledige stillingar per yrkedag.¹ Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2001- juni 2009.



Kjelde: NAV

Fleire delvis arbeidslause

Sesongjusterte tal viser at det har vorte 500 fleire delvis arbeidslause² i løpet av juni. I alt er 32 300 personar, svarande til 1,2 prosent av arbeidsstyrken, delvis arbeidslause ved utgangen av juni. Dette er ein auke på 14 600, eller 83 prosent, samanlikna med juni 2008.

¹ Omfattar stillingar lyst ut i media, registrert av arbeidsgjevar på nav.no eller meldt til NAV.

² Registrerte delvis arbeidslause arbeidssøkjjarar er personar som arbeider mindre enn heiltid og som ynskjer lengre arbeidstid. Mange av dei delvis arbeidslause er delvis permitterte.

Figur 4. Delvis arbeidsløse. Sesongjusterte tal. Januar 1999- juni 2009.



Kjelde: NAV

Utviklinga i norsk økonomi

Den internasjonale konjunkturedgangen som følge av finansuroa førte til eit omslag i norsk økonomi i fjor. Aktiviteten i byggjebørsen gjekk sterkt tilbake og svakare etterspurnad frå utlandet førte til nedgang i den eksportretta industrien. Vanskelegare tilgang til kreditt førte til finansieringsvanskar for mange verksemdar. Privat konsum falt som følge av dei usikre tidene, noko som gav negative vekstimpulsar til norsk økonomi.

Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at det var ein nedgang i igangsette bygg, rekna i bruksareal på 23,1 prosent i løpet av dei første fire månadene i år. Statistikk over ordretilgang til bygg og anlegg viser likevel ein auke i nye bygge- og anleggsprosjekt i løpet av første kvartal i år.

Produksjonsindeksen for industrien (SSB) viser ein nedgang i norsk industriproduksjon på 2,8 prosent i perioden februar til april, samanlikna med førre tremånadersperiode. Fallet i produksjonen var sterkast i papir- og papirvareindustrien, metallindustrien og i trelast- og trelastvareindustrien.

I det siste har det kome fleire indikatorar som tyder på ei meir positiv utvikling i norsk økonomi. Privat konsum har auka noko igjen dei siste månadene. Sesongjusterte tal frå varekonsumindeksen til Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at varekonsumet i hushalda auka med 1,4 prosent frå april til mai. Også omsetjingsvolumet til detaljhandelsverksemdar viser ein auke frå april til mai i år.

Utviklinga internasjonalt

Utviklinga i internasjonal økonomi er framleis prega av finansuroa og nedgang i den økonomiske aktiviteten. Likevel ser det ut som om nedgangen er i ferd med å bremsa opp i mange land. OECD har nedjustert nedgangen i veksten i brutto nasjonalprodukt (BNP) i OECD området i 2009 frå -4,3 prosent til -4,1 prosent. For 2010 ventar OECD ein vekst i BNP på 0,7 prosent.

I USA viser indikatorar for forbrukartillit at forbruket skal slutta å falla sjølv om sparerata har auka dei siste månadene. Nedgangen i BNP for første kvartal i år er nedjustert litt. Arbeidsløysa aukar framleis, men auken er ikkje så kraftig som for nokre månader sidan.

I Storbritannia har det vore ein kraftig nedgang i industriproduksjonen det siste året. Dei siste månadene har nedgangen stoppa opp og indeksen for forventa produksjon viser at britiske industribedrifter ventar ei stabil utvikling dei neste månadene.

I Sverige aukar arbeidsløysa raskt og i mai var arbeidsløysa 9,0 prosent, ein auke frå 8,3 i april. Nedgang i den eksportretta industriproduksjonen og svikt i innanlandsk etterspurnad har ført til ein reduksjon i BNP på 0,9 prosent frå 4. kvartal 2008 til 1.kvartal 2009. Tal over ordretilgangen til industrien viser likevel at nedgangen i industrien er i ferd med å dempast.

I Eurosona er arbeidsløysa 9,2 prosent, noko som er den høgaste på 10 år. Ulike forventningsindikatorar har likevel vist noko meir optimistiske utsikter for framtida.

Auke i arbeidsløysa i alle yrkesgrupper

Samanlikna med juni i fjor har arbeidsløysa auka mest innan bygg og anlegg (189 %), ingeniør og ikt-fag (127 %) og innan industriarbeid (122 %). Veksten i arbeidsløysa er svakast innan undervisning (13 %) og innan helse, pleie og omsorg (30 %).

Arbeidsløysa er høgast innan bygg og anlegg og industriarbeid med 4,6 % og 4,5 %. Lågast arbeidsløysa finn vi i undervisning med 0,8 % og helse, pleie og omsorg med 1,0 prosent.

Bygg og anlegg

Samanlikna med juni i fjor har arbeidsløysa auka mest blant elektrikarar(315 %), røyrleggjarar (293 %) og snikkarar og tømrrarar (259 %).

Ingeniør- og ikt-fag

Arbeidsløysa har auka mest i yrkesgruppa sivilingeniørar, sivilarkitektar og liknande der det no er 182 prosent fleire arbeidslause enn same tid i fjor. Blant ingeniørar og teknikarar har arbeidsløysa også auka monaleg (181 %) i same periode. Auken i arbeidsløysa innan ingeniørfaga heng saman med at mange i desse yrkesgruppene arbeider innan bygg og anlegg og industrien. Sjølv om arbeidsløysa har auka innan ingeniør- og ikt-fag samanlikna med juni i fjor, er arbeidsløysa framleis på eit lågt nivå (1,3 %).

Industriarbeid

Innan industriarbeid auka arbeidsløysa mest innan yrkesgruppene støyparar, sveisarar og platearbeidarar (238 %) og blant automatikarar og elektriske montørar (183 %). Blant prosess- og maskinoperatørar auka arbeidsløysa samla med 176 prosent, men innan

enkeltyrke som operatørar innan metallurgisk industri (408 %) og operatørar innan annan kjemisk prosessindustri (417 %) auka arbeidsløysa kraftig.


Undervisning

Det er særleg blant førskolelærarar (7 %) og lærarar i vidaregåande skole (9 %) at arbeidsløysa har auka lite det siste året. Arbeidsløysa har auka mest i gruppa undervisningspersonale på høgare nivå og spesialistar (33 %).

Helse, pleie og omsorg

Arbeidsløysa har auka mest innan medisinske yrke (41 %) og blant omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar (39 %).

Figur 5. Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter yrkesbakgrunn. Juni 2008 – juni 2009.




Kjelde: NAV

Mange nye arbeidslause innan ingeniør- og ikt-fag

Samanlikna med juni i fjor har talet personar som har vore arbeidslause i mindre enn fire veker auka med 52 prosent. Det har vore ein auke innan alle yrkesgrupper, men auken er klart sterkast innan ingeniør – og ikt-fag der det no er 155 prosent fleire nye arbeidslause enn same tid i fjor.

Figur 6. Heilt arbeidslause med mindre enn 4 veker varigheit som arbeidssøklarar etter yrke. Prosentvis endring juni 2008 –juni 2009.




Kjelde: NAV

Høgast arbeidsløyse i Oslo

Samanlikna med juni i fjor har arbeidsløysa auka minst i Finnmark (14 %) og i Nordland (45%). Arbeidsløysa har auka mest i Vest- Agder (121 %) og i Akershus (120 %).

I denne nedgangskonjunktoren har arbeidsløysa auka mindre i dei nordlegaste fylka enn i landet elles. Arbeidsløysa er høgast i Oslo (3,6 %), Finnmark (3,4 %) og i Østfold (3,3 %). Arbeidsløysa er lågast i Sogn og Fjordane (1,8 %) og i Rogaland (1,9 %).

Figur 7. Prosentvis endring i talet på arbeidslaue etter fylke. Juni 2008- juni 2009.




Kjelde: NAV

Auke i arbeidsløysa blant arbeidsinnvandrarar

Figur 8 viser talet på arbeidslaue etter statsborgarskap for ein del land som er mest aktuelle når det gjeld arbeidsinnvandring. Ved utgangen av juni er det registrert 3 100 heilt arbeidslaue polakkar, ein auke på 2 600 personar (494 %) samanlikna med same tid i fjor. Det har også vore ein sterk auke i talet på arbeidslaue frå dei baltiske statane og frå Tyskland.

Figur 8. Registrerte arbeidslause etter statsborgarskap. Talet på personar juni 2009, og prosentvis endring juni 2008- juni 2009.




Kjelde: NAV

Spesielle forhold ved månadsoppdateringa

Det er ingen kjende spesielle tilhøve som har innverknad på oppdateringa av månadstala i juni.


Figurvedlegg

Figur 9 og 10. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar etter yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2008 – juni 2009. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tal.



Kjelde: NAV

Figur 11. Utviklinga i summen av registrerte arbeidsledige og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2008 – juni 2009. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tal.



Kjelde: NAV